

Handlingsplan for klima og energi



2023 – 2025

15.05.2023

Kommunedirektøren

Innholdsliste:

Del 1 - bakgrunn og mål	3
<i>Nokre viktige føringar</i>	<i>3</i>
<i>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel</i>	<i>4</i>
<i>Dagens utslepp.....</i>	<i>6</i>
<i>Kommunalt handlingsrom.....</i>	<i>7</i>
Del 2 - tiltak	8
1) <i>Samfunnsutvikling – med næringsliv og landbruk</i>	<i>9</i>
2) <i>Planarbeid</i>	<i>11</i>
3) <i>Teneste – her under mobilitet, transport.....</i>	<i>12</i>
4) <i>Bygg og infrastruktur</i>	<i>13</i>
5) <i>Innkjøp og forbruk.....</i>	<i>14</i>

PS 36/23 Handlingsplan for klima Bømlo kommune 2023 - 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1) Kommunestyret vedtek handlingsplan for klima 2023 – 2025 slik ho ligg ved i saka
- 2) Handlingsplanen blir rullert i 2024

Saksprotokoll i Utval for natur, klima og miljø - 01.06.2023

Innstilling:

Utval for Natur, klima og miljø **innstiller** samrøystes overfor kommunestyret i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.06.2023

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

Del 1 - bakgrunn og mål

Dette er handlingsdelen for Bømlo kommune sitt klimaarbeid 2023 – 2025. Dei overordna måla er gjeve i kommuneplanen sin samfunnsdel KPS #Bømlo2049. Sist rullering av denne handlingsplanen var i 2021. Det er vedteke at handlingsdelen skal bli rullert kvart år, så denne rulleringa er noko forsinka. I mellomtida har prosjektet «Klima – det me lever av» blitt gjennomført i løpet av 2021 – 2022, som var eit viktig og omfattande tiltak.

I denne rulleringa blir strukturen i handlingsplanen og inndeling av tema og ansvarsområde ført vidare.

Frå august 2023 startar får kommunen på plass ein klima- og miljørådgjevar, ei ny stilling som blei oppretta i 2023. Å få ein slik rådgjevar på plass gjer vil sikre ei betre administrativ forankring av arbeidet og kommunen frå då lettare initiere og følgje opp større prosjekt. Rådgjevar for klima og miljø vil mellom anna overta ansvaret for handlingsplan for klima som får ei ny rullering tidleg i 2024. Samstundes ønskjer kommunen å etablere eit klimabudsjett og eit klimarekneskap som skal erstatte ein ordinær handlingsplan Klimabudsjett/rekneskap vil bli implementert som ein del av budsjettarbeidet, noko som må bli innført gradvis i 2024-2025.

I tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel og vedtak av styringsgruppa, så handlar denne handlingsplanen om *utslepp*. Tema *klimatilpassing* – framtidig, fysisk tilpassing av infrastruktur med omsyn på klimaendringar, til dømes stormflo, tørke og styrtregn – vil bli vurdert i anna planverk i samband med ROS, beredskap, føresegn, tekniske byggjekrav osv.

Nokre viktige føringar

FN sitt berekraftsmål nummer 13:



Stoppe klimaendringane, handle omgåande for å motarbeide klimaendringane og konsekvensane av dei. Spesielt delmål 13.2, innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging på nasjonalt nivå.

Nokre utvalde føringar:

- Nasjonale og regionale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023
- Regional plan for klima 2022-2035 (klimaplanen) med tilhøyrande handlingsprogram for 2022-2025
- Statlege planretningslinjer (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Klimakur 2030 – Tiltak og virkemiddel (Miljødirektoratet m.fl. - 2020)
- Meld. St. 13 (2020–2021) Klimaplan for 2021–2030
- Landbrukets klimaplan 2021 – 2030

For Bømlo kommune kan me gjere viktige klimagrep innan innkjøp, arealplanlegging og samarbeidd med lokalbefolkning og næringsliv for kutt i klimagassutslepp.

Miljødirektoratet har utvikla fleire verktøy til hjelp for kommunane sitt klimaarbeid, mellom anna kommunefordelt klimagassrekneskap, utrekningsverktøy, ulike rettleiarar samt undervisningsmaterieill som klimapodcast.no og webinarar som fleire i kommuneadministrasjonen har delteke på.

Samanheng mellom plandokumenta

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019 - 2049	Overordna strategiske mål med m.a.: <ul style="list-style-type: none">- tema- utsleppsmål
Handlingsplan for klima – årleg med 2-års perspektiv	Prioriteringar i perioden med konkrete tiltak
Framover: årleg klimabudsjett og klimarekneskap	Erstattar noverande handlingsplanar og blir tettare integrert i kommunen sine budsjett. Samfunnsdelen vil halde fram me å ha dei overordna måla

Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel

Den overordna klimapolitikken og målsettingane for kommunen er gjeve i KPS BØMLO2049 frå 2019, i kapittel 3 «Klima - det me lever av». I KPS står det mellom anna at Bømlo skal redusere sine utslepp med 80% innan 2030. Tenestene skal bli drifta utan bruk av fossilbasert energi innan 2025. Bygg og anlegg skal bli fossilfrie innan 2025, i tråd med dåverande regjeringserklæring. Kommunen skal vere med på ei nasjonal satsing på utsleppsfri kyst, som mellom anna inneber å elektrifisere hamneanlegg og annan infrastruktur for maritim sektor, og gjere dei utsleppsfrie innan 2040.

Dei ulike tiltaka skal bli konkretiserte i handlingsplanen. Denne handlingsplanen legg fortsatt til grunn at me først og fremst må kutte utsleppa frå Bømlo kommune som verksemd med 80%. Fleire tiltak som gjeld tema som næringsliv, trafikk, landbruk og så bortetter krev eksterne midlar for å bli reaslierte.

Status, oppsummering

Gjeldande handlingsplan

I 2021 – 2022 har fleire av tiltaka i handlingsplan blitt gjennomført gjennom prosjektet «Klima – det me lever av». Bømlo kommune fekk tilskot frå Vestland fylkeskommune i 2020 til dette prosjektet med ei endeleg tildeling på 126 469,- Sluttutbetaling ligg som meldingssak til møtet i natur, klima og miljø 01.06.23, til orientering.

Aktivitetane i prosjektet var først og fremst retta inn mot kompetanse, slik utval for natur, klima og miljø la til grunn undervegs, seinast i sak PS 10/2022. Mellom anna har det blitt av avvikla tre klimasamlingar for dei folkevalde, kursing av administrasjonen på klima i arealplanar, samarbeidd med Moster 2024 for å sette klima på agendaen. Dette var med på å markere Verdas miljødag 2022 som var eit tiltak i gjeldande handlingsplan for klima. Det blei og arrangert ein interkommunal fagsamling om klima for planleggjarar. Innleiingar på desse samlingane har vore mange ulike fagmiljø, mellom andre Vestland fylkeskommune, Kommunalbanken, KS, LINK arkitektur, Norske arkitekters landsforbund, Klimapartnere Vestland og NORADAPT/Senter for berekraftig klimatilpassing. Folkevalde frå kommunestyret var med på klimasamling for kommunane i regi av Klimadirektoratet, Statsforvaltaren Vestland med fleire, i Bergen den 1.-2. desember.

Tilskotet til prosjektet «Klima – det me lever av» har med andre ord bidrege til å oppfylle fleire mål i gjeldande handlingsplanen for klima.

Bømlo kommune har frå 2020 vore med i Vestland fylkeskommune sitt klimanettverk for kommunar. Dette er nyttig for både kompetanseheving og erfaringsutveksling med kommunar som me kan

samanlikne oss med. Dette var eit tiltak i gjeldande handlingsplan som har blitt gjennomført. Kommunen har og gjennomført tiltaket å innføre kjeldesortering (avfallstasjonar) på Rådhuset, i tillegg til at rådhuset har blitt Miljøfyrtårnsertifisert.

Framover 2023 - 2025

Ei avgrensing i å få gjennomført fleire måla i både samfunnsdelen og i handlingsplanen. er kapasitet i administrasjonen. Særleg når det gjeld kartlegging og å kunne sette i gong, og søkje om tilskot til, større prosjekt vore krevjande så lengje ein ikkje har hatt nokon i administrasjonen med klima som hovudarbeidsoppgåve. I gjeldande plan står det «Vurdere klimarådgevar (koordinering, prosjektarbeid, informasjonsarbeid)». Dette har kommunestyret vurdert og konkludert med at ein skulle tilsette ein slik rådgevar i 2023. I skrivande skal rådgevar for klima og miljø som skal starte august 2023. Dette vil styrke oppfølginga av det framtidige klimaarbeidet i kommunen. Det er og noko av årsaka til at denne rullering ikkje blir veldig omfattande. Det er betre å prioritere ein meir fyldig klimadel i forbindelse med ny samfunnsdel kor rådgevar for klima og miljø blir ein sentral medarbeidar og kan følgje opp arbeidet frå starten av.


Ei endring frå tidlegare år har vore at dei nasjonale Klimasats-midlane no har ein minstesøknadssum på NOK 200 000,-. Når kommunen sin eigenandel ofte er administrasjonen sine timesverk inn i prosjekt, tilsvaret dette ein ganske stor prosentandel av ei stilling. Det har ein til no ikkje hatt kapasitet til å sette av, men tilskotsbasert prosjektarbeid blir ei sentral oppgåve for rådgevar for klima og miljø.

Fylkeskommunen formidlar og fleire klimatilskot enn for få år sidan. Det gjeld til dømes tilskot til offentlege hurtigladarar, tilskot for å førebyggje plastforureining i tillegg til samfunns- og landbruksrelaterte tilskot. Det er difor viktig å ha oppdaterte klimaplanar for å kunne søkje og på den måten få sikra midlar til klimaarbeidet vårt og at rådgevar for klima og miljø i praksis kan bli sjølvfinansiert.

Kommunen har til no ikkje hatt eit fullgodt verktøy for å måle måloppnåing i sine planar. Kommunen nyttar FRAMSIKT AS i økonomiarbeidet, men her er det mogleg å utvide bruken som til dømes innan klimaarbeidet. Dette heng saman med å etablere klimabudsjett- og rekneskap som blir ei prioritert oppgåve framover. Eit tema som kjem til å bli meir aktuelt er **klimaendringar** og **klimatilpassing**. Dette var og tema på den interkommunale fagsamlinga for planleggjarar i «klima – det me lever av».

I samfunnsdelen står det at me ønskjer å vere ein kommune med låg klimarisiko. For å bli det treng me meir lokal kunnskap om konsekvensar dette har å seie lokalt og kva tiltak dei ulike sektorane i kommunen bør sette i gang med allereie no.

Eit døme kan vere som-maren 2018, kor Bømlo fekk ein



tørkeperiode kor ein satte i gong restriksjonar på vatnforbruk. Dette er eit avdøme på eit fenomen som kan kome oftare i framtida. Private husstandar, fritidsbustadar, landbruk og anna næringsliv som til dømes havbruk, har stort behov for vann men som kan krevje ei politisk prioritering framover, delvis med tanke på meir tørke men og med tanke på grunnvannivå, nye forskriftskrav, generell vatnforsyning og kommuneøkonomi.


Bømlo ligg tett på havet og er ikkje i nødvendigvis i risikosona for høge ekstremtemperaturar. Temperatúrauken har likevel både direkte og indirekte effektar for Bømlosamfunnet. Det kan gjelde til dømes auke i allergi og lengre allergisesong, meir smittsam flått og fleire flåttborne sjukdomar som TBE kan spreie seg samt oppblussing av giftige blågrønnalger (cyanobakterier) i badevatn og drikkevatt og styrt-regn. Dette vil vere viktig å belyse meir i ny samfunnsdel.

Tiltak for å redusere klimarisiko vil med andre ord gjelde i mange sektorar, alt i frå tekniske byggjekrav og energiforsyning, helse- og sosialsektor, ålmenn informasjon om beredskap, vatnforbruk, transport-behov og servicetilbod.

Eit anna tema som har blitt aktualisert, mellom anna gjennom energikommisjonen sin rapport *Mer av alt – raskere* (NOU 2023:3) som kom i februar 2023, er at kommunane har ei sentral rolle i utviklinga av energisystemet. Kommunane må bli involverte og gjort ansvarlege på ein meir tydeleg måte innan energibruk og energiproduksjon. Rapporten peiker på fleire anbefalingar, men politisk må me som kommune avvente kva ein konkret skal følgje opp av vedtak. Spørsmål om Bømlo skal bli ein energiproducent og det er tilgjengeleg areal for landbasert kraft som til dømes solenergi, kjem til å kome i løpet av perioden. Dette må ein kome tilbake til i ein meir heilskapleg energipolitisk sak/plan i kommunen. På kort sikt bør me sjå på regelverk for handsaming av mindre og lokal energiproduksjon som til dømes private vindturinar og solceller på bygg.

Dagens utslepp

Illustrasjonen syner Miljødirektoratet sine utsleppstal for Bømlo kommune fram til 2021 (målt i tonn CO₂-ekvivalenter).



For 2021 er **totalutsleppa 20 242 tonn CO₂-ekvivalentar**. Dette er ikkje medrekna sjøfart og luftfart. For luftfart er utsleppstala for Bømlo 0 CO₂ ekv.

Når det gjeld sjøfart så er det fortsatt slik at dei utsleppa ville slått sterkt ut på grafen, utan at dette nødvendigvis er utslepp som skjer i Bømlo kommune.

Miljødirektoratet måler dette til dels med datakjelder som ikkje gjev lokal data, og seier i sitt metode-notat (om korleis tala for kvar sektor blir utarbeidd) at:

«Klimagassregnskapet for kommuner inkluderer utslippene fra all sjøfart i kommunen, det vil si at utslipp fra både innenriks, utenriks og gjennomfartstrafikk inkludert» (M-989/2022, side 6).

For 2021 tilsvara utslepp frå sjøfart lagt til Bømlo kommune 45 944,4 tonn CO₂-ekvivalentar, som ikkje er med på denne grafen men som ville synt totalutslepp på 66 187 CO₂ ekv., altså ei tripling av utslippstala.

Når det er sagt så skjer det utslepp ved kaier i Bømlo og men desse er ikkje differensiert på nokon god måte per i dag. Det ville krevja, som omtala i førre avsnitt, ei meir lokal kartlegging og utsleppsberkning ned på farkosttypar som har dei mest vanlege anløpa. Dette er noko som ein tilfelle bør kartleggje i samarbeid med næringsrådet og kystverket.

Mykje av kommunen sine utslepp som eining, er mykje knytt opp til energibruk. For 2020 tilsvara dette 3 748 tonn CO₂-ekv, og for 2021 3873 tonn CO₂-ekv (tal frå Entelios, rammeavtaleleverandør for straum. Energibruken har likevel blitt monaleg redusert i 2022 men me har ikkje tal på dette i skrivande stund. Hausten 2022 blei det sett i gong fleire energisparande tiltak for heile kommunen si drift, som har hatt god effekt.

Kommunalt handlingsrom

For fleire av utsleppskjeldene er det begrensa kva kommunen kan gjere eller har mynde over. Noko ligg hjå andre mynde, som til dømes fylkeskommunen (kollektivtransport) men mykje ligg til private aktørar. Det gjeld til dømes innan jordbruk, energiberarar i privatbilar og energibruk i bygg og anlegg. Til det siste kan kommunen stille krav i eigne prosjekt, noko som er tiltak i handlingsplanen, til dømes fase inn krav til fossilfrie byggjeplassar.

Der kommunane har størst handlingsrom er innan arealforvaltning, innkjøp og energibruk i eigne verksemder. Kommunepleanen sin arealdel er under revidering og skal etter planen bli sendt på høyring snart. Gjennom god arealpolitikk kan ein redusere transportbehov og dermed utslepp frå både privatbilar og offentleg transport, monaleg. Lokalisering av bustader og arbeidsplassar kan både auke og redusere utslipp, så det er viktig å ta omsyn til dette.

Ved denne rulleringa av arealdelen har det meste av kapasiteten blitt knytt opp til å sette byggjegrænse til sjø, følgje opp eldre reguleringsplanar og konsekvensutgreie nye framlegg samt gjennomgå retningslinjer og føresegn. Ein arealplan bør vere eit meir «levande» dokument, så å sjå meir på strategiske plasseringar av eksisterande og nye områder for både bustad og næring, bør bli eit tema ved neste rullering. Dette bør skje i løpet av neste kommunestyreperiode 2023 – 2027, og starte når ny samfunnsdel nærmar seg høyringsutkast. Klimabasert arealpolitikk bør vere eit hovudtema.

Innkjøp er eit vidt tema, som kan inkludere alt i frå kontorrekvisita og reinhaldsmedel til større byggjekontraktar. Noko av dette blir det allereie stilt klima- og miljøkrav til som Miljøfyrtårnsertifiseringa krev. Nokre innkjøp skjer gjennom interkommunale innkjøpsavtaler som fortsatt er aktuelt å sette på agendaen i både innkjøpsfora og Sunnhordlandsrådet. Kommunen bør ha ei viktig rolle, til dømes i skulen og i møter med næringslivet, i haldningsskapande arbeid med fokus på berekraftige konsum, reiser, gjenbruk og energieffektivisering. Dette samarbeidet skal me halde fram med. I år vil til dømes energipolitikk bli sett fokus på i regi av både Bømlo næringsråd og kommunen.

Del 2 - tiltak

Kategorisering av tiltaka med døme/kort forklaring:

1) Samfunnsutvikling – med næringsliv og landbruk

- Klimaleiing - politisk og administrativ, leiing og kompetanse, haldnings- og informasjonsarbeid. Til dømes klima- og miljøvenlege aktivitetar og arrangement (oppmoda til å nytte kortreiste produkt (mat, effektar, profil), avfallsfritt), tilskotsordningar som fremjer «grøne», klimavenlege aktivitetar
- Klimabudsjett/klimarekneskap
- Kvalitetsstyrings og internt planarbeid kommunen
- Grønt næringsliv - tematisere, løfta fram tema som t.d. klimakrav i anskaffingar og innkjøp, regionale krav, nettverk og samarbeid
- Landbruk

2) Planarbeid

- Strategisk (langsiktig) arealplanlegging
- Syne andre planar som kan vere viktig for t.d. klimarelaterte tilskot (planar for friluftsområde, kulturminne, trafikktryggleik)

3) Tenester – inkludert mobilitet, transport

- Utsleppsfri kommunal bilpark
- Kommunal parkeringspolitikk
- Privat biltrafikk

4) Bygg og infrastruktur

- Energieffektivisering/energiomlegging av eksisterande bygg
- Energikrav - plussus, energipositive bygg
- Utbygging av og krav til ladestruktur
- Leggje til rette for alle formar for utsleppsfri transport (sykkel, gange)

5) Innkjøp og forbruk

- Klimakrav i innkjøp
- Gjenbruk (utstyr, avfall, tekstil m.m.), satse på sirkulærøkonomi
- Redusere matsvinn
- Arbeide fram mot krav om fossilfrie byggje- og anleggsplassar

Om dei ulike kolonnane:

- «Tiltak» – dei konkrete handlingane. Må kunne bli målt eller «sjekka ut» og evaluert i årsmelding
- «Ansvar/relatert plan» - skal syne kven som er ansvarleg å gjennomføre tiltaket. Nokre tiltak bør bli implementert i andre planar.
- «Eksterne» - kven andre må eller bør ein samarbeide med.
- «Finansiering/kommentar» - skal syne om tiltaket bli finansiert gjennom ordinært budsjett, eller krev anna ekstern finansiering (tilskot, spleiselag, avtaler).
- Årstala skal angje kor tid tiltaket skal vere gjennomført.

1) Samfunnsutvikling – med næringsliv og landbruk

Tiltak	Ansvar/relatert plan	Eksterne	Finansiering/kommentar	2023	2024	2025
Kommunisere ut klimatiltak: informasjon, markeringar Vere med på markeringa som til dømes Verdas Miljødag	Politisk leiing og folkevalde, kommune- direktørens stab	Lag og organisasjonar	Ordinær budsjetttramme	X	X	X
Klimabudsjett/rekneskap 2023: avklaringar, førebuingar for klimabudsjett 2024: innføre klimabudsjett 2024: klimarekneskap (årsmelding)	Økonomiavdeling , rådgjevar klima og miljø		Innanfor ordinært budsjett	X	X	X
Miljøfyrtårnsertifisering (MF) - Re-sertifisering Miljøfyrtårnsertifisering av bedrifter	Prosjektansvarleg: rådgjevar klima. Medan- svarlege: personal, kvalitets- styringsansvar- lege, innkjøp og økonomi) Bedriftene er sjølv ansvarlege men kom- munen ved ordførar er med og markerer.	Næringsliv	Innanfor ordinært budsjett	X	X	X
Tilskot og rådgjeving – informere om at lag og or- ganisasjonar vere klimabevisste. Kommunale til- skot prioriterer aktørar med god miljø- og klima- profil Digitalisering og bevisstgjerig kring redusere klimaavtrykk (t.d. gjennom skulen)	Oppvekst, Kultur og Idrett Relevant i ny kulturplan	Lag – og organisasjonar		X	X	X
Delta i nettverk og samarbeid - Vestland fylkeskommune sitt klimanettverk - Vurdere medlemskap i Klimapartnere Vestland - Bømlo Næringsråd og samarbeid med deira nettverk	Politisk leiing, andre folkevalde, administra- tiv leiing, rådgjevarar/rådgjevar klima	Vestland fylkeskommune, Bømlo Næringsråd, høgare utdanningsinstitusjonar som HVL og UiB. Bømlo Næringsråd	Ordinær budsjetttramme	X	X	X
Digitalisering av arkiv for gard, landbruk, eigedomsskatt, byggjesak og reguleringsplanar	Kommunalsjef samfunnsutvikling		1 200 000 (investeringsmidlar sett av i budsjett 2023)	X		

Tiltak	Ansvar/relatert plan	Eksterne	Finansiering/kommentar	2023	2024	2025
GRØNT NÆRINGS LIV						
Dialog og oversyn over det lokale næringslivet sitt klimaarbeid. Innspel til samarbeidstema, prosjekt, korleis kommunen kan bidra osv. Regelmessige tverrfagleg samling om klima (med næringsliv/infrastruktur)	Kommunedirektør sin stab, seksjon for samfunnsutvikling Rådgjevar klima og miljø	Bømlo Næringsråd, sentrumshandel, land- bruks- sektor, kultur- arbeidarar, byggje- næring osv.	Innafor budsjetttramme eller tilskot	X	X	X
Heilskapleg energipolitikk i kommunen, her under kartlegging av energimiks og behov større nærings- område. Oppdatere regelverk for handsaming av søknadar frå kommersielle og næringsliv.	Samfunnsutvikling, prosjektleiar bygg Seksjon for samfunnsutvikling	Politisk sak. Bømlo nærings- råd med fleire	Energi som tema i ny sam- funnsdel, vurdere eigen energiplan i ny planstrategi	X	X	
Rådgeving om klimatiltak i landbruk (teknologi, metodar for auka karbonlagring, formidle kunnskapsnettverk)	Seksjon for samfunnsutvikling (landbruk og rådgjevar klima og miljø)	Norsk Landbruksråd- giving (NLR)	Ordinær budsjetttramme og til- skot Relevant i ny samfunnsdel og eventuelt ny temaplan for landbruk	X	X	
Samarbeide om å søkje prosjektmidlar for aktuelle aktivitetar	Rådgjevar klima	Til dømes Sunnhordlands- rådet, HVL Bømlo Næringsråd			X	X
Fagmøte om klima i landbruket Informere om og motivere til klimaoptimal skogsdrift. Fagmøte om skogbruk	Samfunnsutvikling (landbruk og rådgjevar klima og miljø)	Lokalt landbruk, skogeigarar				
Prioritere klimatiltak i SMIL (t.d. grøf팅, drenering) Tilskotsordningar for karbon i jord	Samfunnsutvikling		Nasjonalt tilskot (jordbruks- avtalen)		X	
Auka bruk av utmarksbeite Unngå nedbygging av myr	Sikre i temaplan for landbruk Sikre i KPA og føresegn			X		
Unngå tiltak som førar til hogst av ung skog						

2) Planarbeid

Tiltak	Ansvar/relatert plan	Eksterne	Finansiering/kommentar	2023	2024	2025
Klimatilpassing og klimarisiko Kompetanse på tema Revidere regelverk	Seksjon for samfunnsutvikling Rådgjevar klima og miljø	Alle seksjonar, også ansvar- lege for VA, drift og vedlike- hald av veg med fleire	Klimarisiko gjeld mange planar, ikkje berre arealtekniske.		X	
Klimareduksjon del av saksframstilling Utarbeide rettleiar for klimagassreduksjon i bygg- og anleggsprosjekt Avgiftsfritak for private som ønskjer solceller på tak	Samfunnsutvikling	Byggjenæring	Evaluering av politisk mal for saksframstilling Rådgjevar klima og energi. Ordinær budsjettamme	X	X	
Oversyn over lokale klimareduksjonar	Kommunedirektør, rådgjevar klima, økonomi	Ressursbank og kjelder via Vestland fylkeskommune sine sider om klima				
Vurderer formøte, oppstartsmøta, prinsipp- søknadar og klima som tema	Kommunedirektør, rådgjevarar areal- og teknisk			X		
Klimakrav tidleg i alle planprosessar	Seksjon samfunnsutvikling			X		

3) Teneste – her under mobilitet, transport

Tiltak	Ansvar/relatert plan	Eksterne	Finansiering/kommentar	2023	2024	2025
Reduserer transportbehovet ved å samordne bustad-, areal- og transportplanlegginga	I tråd med SPR. Arealstrategiar i KPS må bli følgt opp i ny KPA.	Utbyggjarar, grunneigarar, Vestland fylkeskommune (mobilitetstilbod, vegstruktur). KPA vil bli rullert oftare enn tidlegare på ein skilde tema		X	X	X
Følgje opp arealstrategi i KPS som vil redusere transportbehovet kring lokalsentra. - Kartleggje snarveggar for sykkel og gange («Ruslemaking»)	Relevant for ny Trafikktryggleiksplan frå 2023 av	Rullering KPA 2023 og neste (2025?) Skular, barn og unge		X X	X	
Universelt utforma lokalsenter og prioritering av mjuke trafikantar	Sikre i KPA og i reguleringsplanar	Utbyggjarar	Å gjere lokalsentra lett tilgjengelege for alle kan redusere transport og utslepp		X	
Prioritere sentrumsareal for sosialt liv, kollektivbrukarar, kulturliv.	Samfunnsutvikling, relevant for ny KPA.	Lokalt næringsliv, grunneigarar			X	
Jobbe for betre rutetilbod, spesielt korrespondansar	Politisk leiing. Ungdomsråd.	Skyss			X	X
Sykkel - Sikre skuleveggar for sykling - Gratiskommune for alle som deltek i «Sykle til jobben» - Tilgang til sykkel ved knutepunkt	Samfunnsutvikling. Relevant for ny KPA, sentrumsplan, Trafikksikringsplan	Vegmynde, skular, Ungdomsråd, lag- og organisasjonar	Ordinære budsjetttrammer	X		

4) Bygg og infrastruktur

Tiltak	Ansvar/relatert plan	Eksterne	Finansiering/kommentar	2023	2024	2025
Alle byggeprosjekt i kommunal regi skal liggje over sentralt gjeve minimumskrav. Berekraft og klima må vere del av prosjektmandat. Klimamål inn i for-prosjekt. - Revidere lokale krav - Sikre i føresegn til KPA	Samfunnsutvikling, areal og teknisk, prosjektleiar bygg Relevant for ny KPA	Samarbeide med byggenæring	Krev betr, felles prosjektverktøy og betre kvalitetssystem/krav felles for alle prosjekt	X	X	
Vurdere samspelsenterprise (forprosjektering med særleg fokus på klima, før anbod på sjølve bygginga)		Byggjenæring				
Energimerking Rådhuset	Pålagt	Vurdere interkommunalt innkjøp	Ordinær budsjettramme	X	X	
Solcelleenergi i kommunal drift Bygg i tre, nytte lokale/kortreist material	Vurdere eigne krav i eigne prosjekt		Budsjettramme for byggjeprojekt Eventuelle ekstern finansiering av pilotprosjekt	X	X	X
Ladeinfrastruktur: Rask byggesøknad for hurtiglading Espevær Etablere fleire hurtigladestasjonar, gjerne kombinert båt- og bil-lading	Sakshandsamar Rådgjevar Klima og miljø	Private (næringsliv, drifts-selskap, båtlag og grunn-eigarar) Samarbeide med andre for gjennomføring og drift	Tilskot frå Vestland fylke, privat samarbeid	X	X	X
Nærmiljø kor det er lett vint å gå, sykle eller nytta kollektivtransport	Sikre i hovudplan for veg, trafikk-tryggleiksplan og regulerings-planar.	Grunneigarar	Trafikksikringsmidlar		X	
Forhindre lysforureining/energibruk (t.d. i lysløyper)	Seksjon samfunnsutvikling (drift) og OKI (friluftsliv)	Samarbeide med frivillig sektor			X	

5) Innkjøp og forbruk

Tiltak	Ansvar/relatert plan	Eksterne	Finansiering/kommentar	2023	2024	2025
Redusere matsvinn - Verksemdene, kantine informerer - Handle lokalt	(Inter-) kommunale innkjøpsavtaler Den enkelte innkjøper sitt ansvar	Verksemdene som skular må avgjere				X
Fossilfrie byggjeplassar - Løfte fram tema i samarbeidsrådet - Vurdere pilot/delprosjekt Kompetanseheving om tema (kurs)	Politisk leiing, kommundirektør Rådgjevar klima og miljø	Byggjenæring, dialog og samarbeid			X	
Vurderer vektbasert bossavgift	Kommunestyret, gjennom budsjettvedtak	Interkommunalt samarbeid gjennom SIM			X	
Systematisere sirkulærøkonomi, gjenbruk Gjenbruke møblar/inventar må alltid bli vurdert – nytte «Yammer» (intern kommunikasjonsplattform) til grenbruksarbeid IKT: meir gjenbruk enn i dag Stille krav om gjenbruk/ reparasjon i innkjøpsavtaler Løfte fram tema gjenbruk/sirkulærøkonomi også på regionalt nivå	Den enkelte som anskaffar Einingsleiarar, prosjektansvarlege (linjene) – ansvarleggjerre/lokalt tilpassa behov.	Interkommunale innkjøpsfora, Sunnhordlandsrådet	I første del av handlingsdelperioden blir bevisstgjøring og informasjon om kva som er mogleg å gjere, mest sentralt.	X		
Kontorfellesskap med mellom anna tilrettelegging (sentrumsutvikling)		Mogleg samarbeid med eigne verksemdar, NAV, MakerSpace, gründermiljø.				